



Miljøløftet

NOTAT

Vedlegg nr. 4

Til: Styringsgruppa
Fra: Statens vegvesen
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:
Kristian Bauge / 55 51 63 37
Vår dato: 16.06.2023

Sak 66/23 Kostnadsgjennomgang av prosjekt på E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2-5

Bakgrunn

I denne saka vert det presentert auka kostnader for prosjekta i Statens vegvesens portefølje i Miljøløftet. Prosjektet Nesttun-Skjold er venta å kunne lysast ut hausten 2023, og treng på grunn av auka kostnader avklaring i Styringsgruppa. I saka vert det foreslått å dele strekninga Nesttun-Fjøsanger i to ved Hop, og skyve delstrekninga Hop-Fjøsanger ut av avtaleperioden for å handtere auka kostnad på Nesttun-Skjold.

Innleiing

Statens vegvesen har hausten 2022 og vinteren 2023 jobba med å betre kunnskapen om kostnadane for planprosjekta på E39 Sykkelstamveg Bergen. Bakgrunnen for gjennomgangen er den sterke prisveksten dei seinare åra, og at plangrunnlaget for prosjekta nå er komen på et slikt nivå at det har vore rasjonelt å gjennomføre kostnadsoverslag etter Anslag-metoden. Vi hadde mål om å ha tala klare til rulleringa av Handlingsprogrammet, men har ikkje lukkast med det. Når tala no er klare, ser vi det likevel naudsynt å presentere dei for styringsgruppa.

Tidlegare har kostnadsoverslag for planprosjekta vore basert på byggherrevurderingar kalkulert med løpemeterpriser, som har verte prisjusterte fleire gongar i samband med rulleringa av handlingsprogramma. Prisane i denne saka er gitt i forventa 2023-kr (2 %), og er ikkje justert i høve oppdatert indeks for 2023 (5,5 %).

Prosjekta som har vore ein del av gjennomgangen er dei følgjande:

| Delstrekning | Strekning |
|--------------|---|
| 2 | Nesttun-Skjold |
| 3 | Nesttun-Fjøsanger |
| 4 | Fjøsanger-Kristianborg |
| 5 | Fjøsangerveien/Solheimsgaten-Fabrikkgaten |

Prosjekt i planfase

Delstrekning 3 Nesttun-Fjøsanger

Reguleringsplan er lagt ut på 1. gongs offentleg ettersyn. Det er motteken motsegn på delstrekning Hop-Fjøsanger om kulturminne og inngrep i tverrsnitt til tidlegare jarnbanelinje. Prosjektet vurderer at delstrekninga frå Hop til Fjøsanger òg kan verte påverka av traseval for E39 Ringveg Aust Arna-Fjøsanger i komande KDP. Det er difor sett på kostnader for strekningane Nesttun-Hop og Hop-Fjøsanger separat, med formål om å sette Hop-Fjøsanger på vent til traseval i KDP for Ringveg Aust er avklara. Konsekvensen vil vere at strekninga mellom Hop og Fjøsanger ikkje vert realisert i byveksttaleperioden, men vert aktuell for prioritering ved seinare rulleringar av handlingsprogrammet i ny reforhandla avtale etter 2029.

I handlingsprogrammet 2024-2027 er delstrekning 3 prioritert med 300 mill. kr. Delstrekninga fungerer som ein salderingspost for dei statlege programområdetiltaka i inneverande handlingsprogram.

Kostnad heile strekninga Nesttun-Fjøsanger: 370 mill. 2023-kr

Nesttun-Hop: 168 mill. 2023-kr

Hop-Fjøsanger: 202 mill. 2023-kr

Differanse: -133 mill.

Delstrekning 4 Fjøsanger-Kristianborg

Reguleringsplanarbeidet held fram på strekninga, og det er venta at plan kan gå til offentleg ettersyn 2023/2024. Normalprofilen for sykkelvegen som vert lagt til grunn for reguleringsplanen er i høve N100 sykkelveg: 4m +fortau: 2,5m. Prosjektet vil gjere ein ny vurdering av standard når detaljprosjekteringa startar, og samtidig jobbe aktivt med andre moglegheiter for innsparingar.

Ramme HP 2024-2027: 207,5 mill. 2023-kr

Oppdatert kostnad: 215 mill. 2023-kr

Differanse: 7 mill.

Delstrekning 5 Fjøsangervegen/Solheimsgaten-Fabrikkgaten

Arbeidet med reguleringsplan held fram, og ventast klart for offentleg ettersyn 2023/2024. Standard er som for delstrekning 4 sykkelveg 4m +fortau 2,5 meter. Det er identifisert få moglege kutt og kostnadsreduksjonar, men prosjektet vil gjere ein ny vurdering når detaljprosjekteringa starar, og samstundes arbeide aktivt med moglege innsparingar. Prosjektet består av 2 byggetrinn, der 1. byggetrinn er riksvegdelene, og 2. byggetrinn er fylkesvegdelene i Fabrikkgaten. Byggetrinn 2 kan først realiserast når området er transformert, og er ikkje ein del av kostnadsalkylen.

Ramme frå HP 2024-2027: 98,5 mill. 2023-kr

Kostnad riksvegdelene av prosjektet: 113 mill. 2023-kr

Differanse: **14 mill.**

Oppsummering planprosjekta

Som følgje av at delstrekninga Hop-Fjøsanger vert tilrådd utsett i tid, vert det frigjort 112 mill. kr i 2023-kr i handlingsprogrammet når ein tar omsyn til auka kostnader i dei andre planprosjekta.

Prosjekt i byggefase

Delstrekning 2 Nesttun-Skjold

Prosjektet har vore under prosjektering og utarbeiding av konkurransegrunnlag dei seinaste åra. Dette arbeidet held fram, men er i hovudsak ferdigstilla. Det er mindre grunnnerverv som står att. Kostnaden i handlingsprogrammet bygger på eit anslag frå 2015 som låg til grunn for reguleringsplanen. Under er det vist samanhengen mellom anslaget frå 2015 og det oppdaterte anslaget. Det er nytta kostnader i 2021-kr for å samanlikne kostnadane mot kvarandre. Tala er avrunda

| | Anslag 2015 | Anslag 2021 | Endring |
|----------------|-------------|-------------|------------|
| Byggekostnader | 147 | 212 | 65 |
| Byggjerre | 18 | 66 | 48 |
| Grunnerverv | 38 | 34 | -4 |
| Uvisse | 11 | 45 | 34 |
| Sum | 214 | 357 | 143 |

Som tabellen viser er det i tillegg til auka byggekostnader i hovudsak auka kostnader til byggjerre og uvisse som gjer at kostnadane no er høgare enn i anslaget frå 2015.

Arbeid på deler av strekninga ved Skjoldstølen ligg innanfor Bybanens tryggingssone og vil krevje driftsstans på Bybanen dersom tiltaket skal gjennomførast i tråd med reguleringsplan. Det er difor søkt dispensasjon frå reguleringsplan for å endre regulert løysing frå fylling til bru på aktuelt strekk. Endra løysing vil redusere risiko for, og kostnader i høve, driftsstans for Bybanen, samstundes som den er ei av hovudforklaringane på auka byggekostnader i prosjektet.

Som det går fram av tabellen er avsetninga til uvisse vesentleg høgare no enn i 2015. Uvisse utgjorde om lag 5 pst. i anslaget frå 2015, mot om lag 12 pst. i gjeldande anslag. Vi vurderer at avsetninga til uvisse frå 2015 var undervurdert, og at 12 pst. er meir i tråd med normalen for tilsvarende prosjekt.

Auka byggjerrekostnader kjem som følgje av at det tok lengre tid enn venta å få vedtak på reguleringsplanen i tillegg til at store deler av prosjektorganisasjonen vart overført til

fylkeskommunen som følgje av omorganiseringa. Det tok då noko tid å få på plass nytt personell som kunne føre prosjektet vidare.

Prosjektorganisasjonen arbeider no med å sjå på mogelege innsparingar ved val av kontraktsstrategi, dialog med entreprenørar og løysingar og tilpassingar opp mot framtidige utbyggjarar langs strekninga. Framdriftsplanen tilseier at prosjektet kan lysast ut fjerde kvartal 2023, med bygggestart andre kvartal 2024.

Ramme HP 2024-2027: 247,5 mill. 2023-kr

Oppdatert anslag per 21. april er: 413 mill. 2023-kr

Byggetrinn 1 er i anslag kostnadsrekna til 366 mill. 2023-kr.

Differanse: 119 mill.

Som følgje av auka kostnader på delstrekninga er det sett vidare på løysinga i Nesttunbrekka som ligg i terrenget over kryssingspunktet mellom delstrekning 2 og 3 ved Skjoldskiftet. Lundhaugvegen har i dag ein svært trafikkfarleg avkøyring, som inneber køyring til eigedomane på eksisterande sykkelveg forbi Nesttun. For å stenge denne avkøyringa, er det regulert ein løysing der Nesttunbrekka vert senka for høgdetilpassing til Lundhaugvegen. Den regulerte løysinga er kostbar, og har ein rekke utfordringar som prosjektorganisasjonen meiner ikkje er kan byggjast slik dei er regulert.

Det vert difor tilrådd at Nesttunbrekka vert tatt ut av prosjektet og vurdert som eit byggetrinn 2. Om byggetrinn 2 ikkje skal gjennomførast, må reguleringsplan for delstrekning 3 Nesttun-Fjøsanger tilpassast ny situasjon i Nesttunbrekka, og det må akseptertast køyring til nokre av eigedomane.

Byggetrinn 2 er i anslag kostnadsrekna til 46 mill. 2023-kr.

Andre aktuelle kutt

Prosjektorganisasjonen har identifisert fleire moglege kutt i prosjektet. Dei er lista under.

| | |
|--|--------------------------|
| – Stykkevis smalare sykkelveg/fortau | kr. 0,6 mill. (2023 kr) |
| – Rumlefelt i staden for ikkje avvisande kantstein | kr. 2,3 mill. (2023 kr) |
| – Kryssing av Odins veg ved Idavollen barnehage | kr. 4,7 mill. (2023 kr) |
| – Spuntkonstruksjonar i Odins veg | kr. 4,7 mill. (2023 kr) |
| ▪ SUM | kr. 12,5 mill. (2023 kr) |

Det vert arbeida aktivt med styringa av uvisse i prosjektet og det vert vurdert om det er moglegheiter for innsparingar. Prosjektet ser det som mogeleg å realisere kutta over, men Statens vegvesen vil ikkje tilrå at ein går for stykkevis smalare løysingar og rumlefelt, då innsparinga ikkje er vesentleg, og vi vurderer at ein slik løysing vil gje dårlegare måloppnåing. Dei to andre kuttforslaga, Kryssing av Odins veg, og spuntkonstruksjonar i Odins veg vil ha ein venta samla kostnadsreduksjon på 9,4 mill. kr, og vi meiner at dei bør gjennomførast, men det er for tidleg å forskottere kutta. Statens vegvesen jobbar vidare med løysinga før utlysing av prosjektet.

Byggetrinn

I eit forsøk på å finne eit byggeprosjekt som kan finansierast innanfor rammene til delstrekninga i handlingsprogrammet, er det vurdert å sjå på moglege realisering av prosjektet i to byggetrinn, og samstundes belyse konsekvensane av ei slik strategi.

Ein kan dele prosjektet ved kryssinga av fv. 582 Fanavegen ved Fana Blikk. Dersom berre éin av delstrekningane vert realisert, må denne strekninga òg bere påløpte kostnader til grunnerverv og byggherre. Dei to delstrekningane er vurdert til å koste:

- Del 1: Lagunen-Fana Blikk: 146 mill. kr
- Del 2: Fana Blikk-Nesttun: 159 mill. kr

Dersom berre ein av strekningane vert realisert, vert det tilført 48 mill. kr i grunnervervskostnader og 35 mill. kr i byggherrekostnader. Det er i tillegg ein forventet inntekt frå sal av eigedomar på del 1 som summerer til 20 mill. kr.

Samla kostnad for å bygge berre ein av dei to delstrekningane vil vere:

- Del 1: Lagunen-Fana Blikk: 209 mill. kr
- Del 2: Fana Blikk-Nesttun: 242 mill. kr

Gjennomgangen viser at det er moglege å gjennomføre ein av delstrekningane innanfor ramma i handlingsprogrammet 2024-2027. Realisering av berre ein av etappane gir likevel redusert måloppnåing ved at ein kortare strekning vert tilrettelagt for gåande og syklende i separerte felt. Ein vil òg oppretthalde standardspranga på den strekninga som ikkje vert gjennomført. Dette vil vere til hinder for å kunne tiltrekke nye gåande og syklende på strekninga som heilheit.

Vurdering

Prosjektet vil binde saman dei to bydelsenterområda, og gje eit vesentleg løft for gåande og syklende. Gjennom separering av gåande og syklende vert trafikktryggleiken betra, og tilrettelegging av kryssområda på sidevegane og fjerning av ein kryssing av Fanavegen gjev vesentleg betre framkome, spesielt for syklende.

Gang- og sykkelnettet i området er tilkomst til både Midtun og Skjold barneskolar. Gjennom tiltaket med separering av gåande og syklende vil trafikktryggleiken for gåande skulebarn vesentleg betrast.

Strekninga frå Lagunen til Nesttun går langs bybanetraseen gjennom fleire fortettingssonar tilrettelagt for stor auke i busetnad og befolkningsauke. Tilbodet til mjuke trafikantar i dag er utan separering og delvis på den gamle traseen for Osbanen. Dersom området skal kunne vere i stand til å ta imot den venta veksten i folketal, må infrastruktur for berekraftig og aktiv mobilitet vere til stades. Strekninga er ein del av offentleg utbyggingsfase 1 i Bergen kommunes sykkelstrategi.

Statens vegvesen vurderer at prosjektets måloppnåing er svært god. I dagens situasjon er det i særstilling området mellom Fana Blikk og Nesttunbrekka som har behov for utbetring, der det er fleire tilkomst til bustader, køyring på gang- og sykkelvegen og tilkomst til eit bilverkstad og ein barnehage på gang- og sykkelvegen. Dersom prosjektet skal delast i to, vil vi tilrå at strekninga frå Fana Blikk til Nesttunbrekka vert prioritert.

Det er uheldig at planlegging og prosjektering har tatt så lang tid som det har gjort i dette tilfellet, men ein er no i stand til å setje i verk løysinga for dei mjuke trafikantane i området som vil gje grunnlag for auka del syklande i området.

Statens vegvesen si tilråding

Statens vegvesen tilrår styringsgruppa å slutte seg til at Statens vegvesen arbeidar vidare med konkurransegrunnlaget for prosjektet Sykkelstamveg Bergen, Delstrekning 2, Nesttun-Skjold, med sikte på å lyse ut prosjektet hausten 2023.

Auka kostnad i prosjektet vert handtert gjennom porteføljestyling av dei andre prosjekta i Statens vegvesens portefølje. Parsellen Hop-Fjøsanger på delstrekning 3 vert skyvd ut av byvekstavgiftperioden, med mål om å kunne prioriterast når traséval for E39 Ringveg Aust er avgjort. Prosjektorganisasjonen arbeidar vidare med å identifisere kostnadsutt i planprosjekta skildra i denne saka fram mot rullering av handlingsprogrammet.